


# Samanhengen mellom barnehage og skule



Utarbeida av barnehage og skule i Fyresdal kommune

<b>1</b>	<b>INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
1.1	LIVSMEISTRING .....	4
1.2	SAMARBEID .....	4
1.3	BARN SOM TRENG EKSTRA STØTTE .....	4
<b>2</b>	<b>SOSIAL MEISTRING .....</b>	<b>5</b>
2.1	INNLEIING .....	5
2.2	PLANEN .....	6
<b>3</b>	<b>SPRÅKLEG MESTRING .....</b>	<b>8</b>
3.1	INNLEIING .....	8
3.2	PLANEN .....	9
	<b>MATEMATISK MESTRING .....</b>	<b>11</b>
	INNLEIING .....	11
3.3	PLANEN .....	12
<b>4</b>	<b>FELLES VURDERING .....</b>	<b>13</b>
<b>5</b>	<b>ÅRSHJUL FOR OVERGANG MELLOM BARNEHAGEN OG GIMLE SKULE .....</b>	<b>14</b>
<b>6</b>	<b>VEDLEGG: .....</b>	<b>16</b>
6.1	SAMTYKKESKJEMA .....	16
6.2	INNSKRIVINGSSKJEMA .....	16
6.3	KONFLIKTLØYSINGSMODELLEN .....	16
6.4	SMART .....	16

## 1. Forord

Dette dokumentet er utarbeida med utgangspunkt i *Rammeplan for barnehagar 2017* og *Kunnskapsløftet for grunnskulen*. Dette er meint som eit informasjons- og arbeidshefte for barnehagelærarar og lærarar i 1. klasse, slik at samanhengen kan sikrast mellom barnehage og skule på best mogleg måte.

Her vil ulike kompetansemål, innhald, arbeidsmåtar og vurdering bli presenterte.

I *Rammeplan for barnehagar 2017* står det:

*Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen og eventuelt skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgang til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen.*

*Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Barna skal bli kjent med kva som skjer på skulen og skulefritidsordninga. (RP.17)*

## 1 Innleiing

### 1.1 Livsmestring

Barnehage og skule er ein del av utdanningssystemet og har stor innverknad på dei grunnleggjande haldningane til barn. Barnehage og skule blir viktige arenaer i den livslange læringsprosessen, og difor er eit tett samarbeid nødvendig.

### 1.2 Samarbeid

Overgang til skulen er ein prosess for både barn og vaksne, og i denne samanhengen er barnehagen og skulen dei mest sentrale aktørane. Vi har skapt ei plattform for samarbeid med jamlege møter mellom barnehage og skule. Vi legg vekt på erfaringsutveksling og skolering.

### 1.3 Barn som treng ekstra støtte

Nært samarbeid mellom barnehage og skule er særleg viktig for barn som treng ekstra støtte og eit tilrettelagt omsorgs- og læringsmiljø. Det er viktig at dette samarbeidet blir sett i gang på eit tidleg tidspunkt.



## **2 Sosial mestring**

### **2.1 Innleiing**

Sosial kompetanse handlar om å kunne samarbeide positivt med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansen blir uttrykt og tileigna av barn i samspel med kvarandre og med vaksne i eit sosialt fellesskap. Deltaking i eit sosialt fellesskap er viktig for å utvikle ein god sosial kompetanse som gjev eit godt grunnlag for å skape og oppretthalde venskap. Målet med dette dokumentet er at barna skal møte dei same elementa i barnehage og skule.

Dei sosiale måla som følgjer under, skal det jobbast spesielt med siste året i barnehagen og fyrste året på skulen.

## 2.2 Planen

Mål for opplæringa er at barnet skal kunne:	Barnet skal øve på:	Forslag til arbeidsmåtar (bør brukast om kvarandre og til fleire mål):
Vise sjølvtilitt og vilje til mestring.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Våge å prøve ut nye ting og gje seg sjølv nye utfordringar</li> <li>• Innsatsvilje</li> <li>• Sjølvtilitt</li> <li>• Læringsglede</li> <li>• Å vera nysgjerrig</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Løyse skuleførebuande oppgåver og motivere til skulegang, for eksempel Trampoline</li> <li>• Barna sin medverknad.</li> <li>• smART</li> </ul>
Utvikle sjølvkontroll og halde merksemd over tid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rette merksemd mot noko over tid</li> <li>• Ta imot ein beskjed og fullføre oppgåva</li> <li>• Tolmod</li> <li>• Sjølvtilitt</li> <li>• sjølvkontroll</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Problemløysing i grupper</li> <li>• Problemløysingsmodellen – sjå vedlegg</li> <li>• Stasjonsleik</li> <li>• Leikegrupper</li> <li>• Smartgrupper</li> <li>• Samlingar</li> </ul>
Mestre overgangssituasjonar og skifte av aktivitetar.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skape trygge rammer og god oversikt for barna</li> <li>• Syne forståing for andre sine behov</li> <li>• Å vera hjelpsam</li> <li>• Å ta ansvar</li> <li>• Sjølvkontroll</li> <li>• Tolmod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Faste rutinar og informasjon i kvardagen.</li> <li>• Stasjonsleik/leikegrupper</li> <li>• Ask</li> </ul>
Lytte til og utføre beskjeder.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle og erfare ansvarskjensle</li> <li>• Å ta ansvar</li> <li>• Konsentrasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Daglege gjeremål t.d. samlingsstund.</li> </ul>

Kjenne til dei sosiale spelereglane.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Respekt</li> <li>• Førebygge utestenging, krenking og mobbing.</li> <li>• Respekt for andre barn og vaksne</li> <li>• Turtaking</li> <li>• Lære å leike saman</li> <li>• Humor</li> <li>• Omsorg</li> <li>• Humanisme</li> <li>• Integritet</li> <li>• Tolmod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Turtaking og samspel aktiv relasjonsbygging mellom barn/barn og barn/vaksne</li> <li>• Problemløysing i grupper.</li> <li>• Bruke uteområde i samband med sosial læring.</li> <li>• Bruk av Smart, Zippy og Art</li> <li>• Aktive og deltakande vaksne i leik.</li> </ul>
Utvikle evne til å resonnerer over og løyse konflikhtar sjølve.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikle sjølvkjensle og empati</li> <li>• Dele med andre og lære å takle eit nederlag</li> <li>• Lære å kjenne egne og andre sine grenser</li> <li>• Sjølvkontroll</li> <li>• sjølvtilitt</li> <li>• Humor</li> <li>• Respekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Problemløysingsmodellen.</li> <li>• smART og Zippy</li> <li>• Dramatisering</li> <li>• Barns medverknad</li> </ul>

### 3 Språkleg mestring

#### **3.1 Innleiing**

Vi definerer språk som ein måte å få kontakt med andre verbalt eller nonverbalt. Vi tek utgangspunkt i kva barna bør ha kjennskap til/kunne når dei byrjar på skulen. Språket er det middelet vi brukar for å få merksemd frå andre, altså når me kommuniserer. Kommunisere betyr ”å gjere noko felles”.

Fyresdal kommune har utarbeidd ein plan for lese og skriveopplæring frå 0-16 år. Det er viktig at alle brukar denne som ei rettleiing innan lese og skriveopplæringa.



### 3.2 Planen

Mål for opplæringa er at barnet skal:	Barnet skal øve på:	Forslag til arbeidsmåtar (bør brukast om kvarandre og til fleire mål):
Kunne formidle noko i gruppe/vere i fokus	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å vere i fokus</li> <li>• Sjølvhevding</li> <li>• Sjølvtilitt</li> <li>• Leiareigenskap</li> <li>• Humor</li> <li>• Mot</li> <li>• Integritet</li> <li>• respekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barna fortelje eigne historier.</li> <li>• La barna gje att innhald med eigne ord.</li> <li>• Fortelje frå eigne teikningar.</li> <li>• Bruke dramatisering og rolleleik aktivt</li> <li>• Vere leiar i samling</li> <li>• Barns medverknad</li> </ul>
Kunne ulike omgrep og få ei god forståing av omgrep.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulike omgrep som dyr, klede, kroppen, mat, møblar, preposisjonar, fargar og spørjeord.</li> <li>• Læringsglede</li> <li>• Å vera nysgjerrig</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Biletbøker, biletlotto, språkposar, rørslesongar, Kims leik, rolleleik og eigne erfaringar med konkretar (fyrstehandserfaringar)</li> <li>• leik ute og inne: språkgrupper, språkleik</li> <li>• Bruke omgrepsprogram, t.d. Kid inspiration (omgrepstrening sett i eit system, PPT)</li> </ul>
Kunne lytte.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å bli ein aktiv lyttar.</li> <li>• Vente med å snakke til den andre er ferdig</li> <li>• Å reflektere over det som blir fortalt</li> <li>• Kunne ta imot beskjedar</li> <li>• Tolmod</li> <li>• Respekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lese for barna, bruke lyd, bilder, bøker og aviser</li> <li>• Song og songleikar med rørsle</li> <li>• Samlingsstund.</li> <li>• I ulike kvardagssituasjonar</li> </ul>
Ha kjennskap til ulike media som for eksempel bøker og IKT.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• få kjennskap til og bruke teknisk utstyr som ipad/data</li> <li>• Nysgjerrigheit</li> <li>• Læringsglede</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lese for barna, la dei sjølve få sjå i bøker, aviser</li> <li>• Lesestunder på biblioteket med bibliotekar</li> <li>• La barna få vere med på å printe ut ulike ting frå data, kopiere, ta bilete med kamera, leikeskrive på datamaskina</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tolmod</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ulike pedagogiske app`ar</li> </ul>
Ha kjennskap til rim, regler, vitsar, gåter, songar og eventyr.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Å leike med ord, lyd, rim, regler, vitsar, gåter, songar og eventyr i kvardagen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klappe stavingar, lære rim og regler utanåt, syngje, fortelje eigne historier og gje att eventyr, dramatisere, bruke konkretar-språkpose m.m.</li> <li>• Leik</li> </ul>
Kunne setje ord på kjensler.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve på å setje ord på ulike kjensler hos seg sjølv og andre</li> <li>• Sjølvkjensle</li> <li>• Omsorg</li> <li>• Å vere hjelpsam</li> <li>• Mot</li> <li>• Respekt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke reelle situasjonar til å setje ord på korleis dei har det</li> <li>• Songar, bilete og historier</li> <li>• Bruke Smart og Zippy</li> <li>• Leikegrupper</li> </ul>
Ha kjennskap til skriftspråket.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå skrift på avdeling/klasserom</li> <li>• Kunne skrive namnet sitt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• La barna sjå det den vaksne les, peik gjerne på bokstavane og orda</li> <li>• Oppmuntre barna til å leikeskrive</li> <li>• La barna vere med i ulike situasjonar der den vaksne skriv</li> <li>• La barna få vere med på å skape tekstar t.d. lage eigne historier og skrive plakatar til tilstellingar</li> </ul>
Lære seg norsk Morsmål	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Øve på norske omgrep og få ei forståing for språket</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigne opplegg for fleirspråklege med fokus på omgrepsbygging og språkforståing</li> <li>• Bevisst bruk av språk og rolleleik saman med ein vaksen</li> <li>• Leikegrupper</li> <li>• Teikn til tale</li> <li>• Symbol/bilete Alternativ Supplerande Kommunikasjon</li> </ul>

## Matematisk mestring

### **Innleiing**

Formålet med matematikk i skule og barnehage er at kvart barn utviklar ein brei og solid matematisk kompetanse. Barn er tidleg opptekne av tal og teljing. Dei utforskar rom og form, dei argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom lek, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna sin matematiske kompetanse.

### 3.3 Planen

Mål for opplæringa er at barnet skal kunne:	Barnet skal øve på:	Forslag til arbeidsmåtar (bør brukast om kvarandre og til fleire mål):
<p><b>Tal</b> Oppløve glede over å utforske og leike med tal.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lære talrensa opp til 20 i løpet av 1.klasse</li> <li>• Få erfaring med mengder og sortering</li> <li>• Øve på mengde omgrep</li> <li>• Læringsglede</li> <li>• Å vere nysgjerrig</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Telje i kvardagslege rutinar (bake, lage mat, samling og bordekkning)</li> <li>• Bevisst bruke matematiske omgrep som til dømes: former, storleik, mengder og rekkjefølgjer som årstider, månader og vekedagar</li> <li>• Leike med talsymbol og kjenne att nokre, spel</li> <li>• Oppgåver i førskulebok</li> </ul>
<p><b>Matematiske omgrep</b> Tileigne seg gode og nyttige matematiske omgrep.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruke omgrep som til dømes: stor/liten, tjukk/tynn og tung/lett</li> <li>• Bruke tid og plasseringsord som seinare, i går og før</li> <li>• Læringsglede</li> <li>• Å vere nysgjerrig</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Turtaking, gym-aktivitetar, turar og samling osv.</li> <li>• Leik med teljing og tidtaking.</li> <li>• Sortering etter storleik, tyngde, type, farge...</li> <li>• Matematisk bevisstheit hjå dei vaksne i daglege aktivitetar</li> <li>• Lage papirfly – kor langt kjem dei?</li> <li>• Lage fallskjerm – kor høgt må me ?</li> </ul>
<p><b>Form og mønster</b> Erfare, utforske og leike med mønster og form.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjenne att og nemne ulike former (sirkel, trekant og firkant).</li> <li>• Eksperimentere og lage ulike figurar, former og mønster.</li> <li>• Undersøkje ulike former, figurar og mønster slik vi møter dei i nærområdet.</li> <li>• Å vere nysgjerrig</li> <li>• Læringsglede</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samle og sortere, gjere ting i rekkjefølgje og lage grupperingar.</li> <li>• Landart</li> <li>• Rolleleik for eksempel: leike butikk, kafé, lage og bruke pengar/kort</li> <li>• Lage ulike former og mønster i ulikt materiell.</li> <li>• IKT.</li> <li>• Leite etter tal og bokstavformer ute</li> </ul>

#### 4 Felles vurdering

Vurderinga skal seie noko om barnet si forståing for ulike omgrep og evne til å uttrykkje seg på ulik måtar. Som pedagogisk personale ser vi mellom anna etter om barnet viser interesse, sjølvstende, logikk og kreativitet. Dette kan gjerast gjennom desse punkta:

- Barnesamtaler
- Observasjon i og utanfrå leik
- Ped.møte
- Ulike kartleggingsverktøy ved behov
- Samarbeidsmøte med skule

Som institusjonar har vi blitt meir bevisstgjorde på samarbeidet vårt. Dette dokumentet er eit verktøy som skal sikre dei gode rutinane som er opparbeida for samanheng mellom barnehage og skule. Det skal òg sikre god informasjon mellom tilsette på dei ulike institusjonane og mellom tilsette og foreldre.



## 5 Årshjul for overgang mellom Barnehagen og Gimle skule

Stegleiar for småsteget og pedagogisk leiar for 5-årsgruppa har ansvar for at overgangsrutinar mellom barnehage og skule blir følgde opp. Skulen må vere godt førebudd i høve barn som treng ekstra støtte. Dette gjeld òg besøksdagane.

NÅR	KVA	ANSVAR
OKTOBER	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Evaluering av skulestart/vidareføring av overgangssamtala frå våren – kontaktlærer 1.klasse, stegleiar, ped.leiar for vårens og haustens 5-årsgruppe i Fyresdal barnehage</li> </ul>	Kontaktlærer/stegleiar
NOVEMBER	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5-årsgruppa besøker skulen</li> <li>• 1. klasse besøkjer 5 åringane</li> <li>• 5-årsgruppa besøker <i>Open dag</i> på skulen</li> <li>• Foreldremøte i barnehagen</li> </ul>	Kontaktlærer i 1 kl. og ped.leiar 5-årsgruppa Ped.leiar 5-årsgruppa Ped.leiar og styrar
FEBRUAR	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må nytt enkeltvedtak på barn med særskilde behov som skal over i skulen</li> <li>• Barnehagen informerer skulen om eventuelt behov for spesialpedagogiske tiltak for dei barna som har kontakt med PPT</li> <li>• Eventuell oppmelding PPT</li> <li>• Eit skulebesøk, t.d. ute eller låne klasseromet når det er tomt</li> <li>• Innskrivingskjema blir sendt</li> </ul>	Styrar Styrar  Kontaktlærer i 1 kl. og ped.leiar 5-årsgruppa Rektor
MARS/	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulebesøk</li> <li>• Samtykke om overlevering av informasjon frå barnehage ↔ skule</li> <li>• Foreldremøte for 5 åringane ,der stegleiar og SFO-leiar er invitert</li> </ul>	Kontaktlærer i 1 kl. og ped.leiar 5-årsgruppa Styrar, ped.leiar, stegleiar, sfo
APRIL	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulebesøk</li> </ul>	Kontaktlærer i 1 kl. og ped.leiar 5-årsgruppa
MAI	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Overgangssamtaler: pedagogisk leiar, styrar, kontaktlærer + stegleiar og leiar frå SFO. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innskrivingsdag. Barna får helse på kontaktlærer/ar og rektor.</li> </ul> </li> </ul>	Stegleiar og pedagogisk leiar  Rektor

	<ul style="list-style-type: none"><li>• Foreldreskule 1.del</li></ul>	Rektor
--	---	--------

## **6 Vedlegg:**

**6.1 Samtykkeskjema**

**6.2 Innskrivingskjema**

**6.3 Konfliktløysingsmodellen**

**6.4 SmART - ferdighetar**